



# KAMPVERTINNSTRUKS



For å bidra til eit godt og trygt kamparrangement skal det vere minst to kampvertar til stades på kvar heimekamp. Kampverten har på gul kampvertvest og er synleg for alle i og rundt kampen.

## FØR KAMPEN:

- Ta i mot bortelaget, vis dei garderobe og ønsk velkommen til Jotun stadion. OBS! Stå framfor inngangen til idrettshallen.
- Ta initiativ til Fair play møte før kamp, med dommar og begge lags trenarar.
  - Passe på at Fair play helsing mellom laga blir gjennomført før kampen startar.
- Hjelp til med å gjere klar fotballbana til kamp.

## UNDER KAMPEN:

- Sørge for at tilskodarane IKKJE står på same side som innbyttarbenken.
- Oppmode til positivitet blant tilskodarane.
- Handtere uønska hendingar, i verste fall vise vekk tilskodarar.
- Tilbyr bortelaget frukt og kaffi i pausen.

## ETTER KAMPEN:

- Sørge for at spelarar, trenarar og dommar(ar) takkar for kampen.
- Ønske bortelaget god tur heim.
- Melde frå til Fair play ansvarleg, Ivar Otto Øren, dersom det har oppstått uønska hendingar som klubben bør vite om.